

# Under Nuten

Rosendal ungdomsskule si skuleavis

1. Årgang, oktober 2008 25.–kr

## I DETTE NUMMERET:

Nyheiter	3
Kultur	14
Sport	24
Lesarinnlegg	30
Underholdning	34

## Saker av interesse:

- Intervju med Wenche frå 71°Nord s. 4
- Båthamna i Rosendal s. 8
- Intervju med Linn Tveiten s. 29
- Besøk i Barnehagen s. 35
- Fonnabu s. 14




Rosendal ungdomsskule  
5470 Rosendal  
Tel. 53461320  
www.rosendal.ungdomsskule.no

## Store planar for Omvikdalen

Magne Hjelmeland har store planar for Omvikdalen, han planlegger å bygge den største garden i Omvikdalen. Garden reknast for å vere i drift til Januar/ Februar.

Les meir side 3.

*Magne Hjelmeland viser stolt fram den nye floren.*



## Korpsjubileum

Uskedalen Skulemusikk vart skipa i 1969 og dei vert såleis 40 år i løpet av årets sesong. Gjennom alle dei 40 åra har svært mange hatt glede av aktiviteten i korpsset. Mange har lært å spela eit instrument, og andre har opplevd gleda ved å høyre på korpsset på 17 mai og andre høve.

Les meir side 18.



"Under nuten" er eit godt produkt laga av ungdomsskule-elevane i Rosendal.

**”Under Nuten” heiter Rosendal ungdomsskule si skuleavis. Det er eit imponerande produkt på 36 sider og mange elevar frå Uskedalen har vore i arbeid med avisa og også funne godt stoff frå bygda vår.**

Til dømes skriv Siv Hanne Kjærland i ein kommentar om skulen som treng oppussing snarast at den kunne ha vore eit prydbbygg viss vedlikehald hadde vore prioritert frå starten. Ho nemner ventilasjonsanlegget, maur på kjøkenet og punkterte vindaugo som trugar med å dette ned kvar gong det meldast kuling eller liten storm.

Birger Bauge og Vegard Røssland har ein fyldig artikkel om den livsfriske 40-åringen Uskedalen Skulemusikk som no har vel 20 medlemmer. Stort sett har korpset hatt god aktivitet, men det har og vore periodar med få musikantar. Faktisk har talet vore heilt nede i åtte, men det har også vore heilt opp mot femti. Birger og Vegard kjem også inn på det neste høgdepunktet, konserten med tubaisten Pål Magne Austnes utpå vinteren. Dei skriv at han er knallgod som muskar i tillegg til at han er ein super pedagog. - Dette blir nok ein flott start på jubileumsåret, meiner dei to.

Thomas Halvorsen og Torbjørn Steinsvik har intervjuet skyttaren Håvard Eik i Uskedalen, som har Hans Christian Wear og Hans Olav Medås som førebilete og som prøver å trene minst ein gong i veka. Det er ganske bra miljø i Omvikdalen, men Håvard saknar fleire rekruttar mellom 12 og 18 år. Kultursjef Kristian Bringedal er intervjuet om den kulturelle nistepakka og Karsten Tungesvik om rugby-interessa hans.

Elevane har også klare meiningar, til dømes held Aleksander Rebaudo fram i eit innlegg at elevane bør få ”litt ekte fritid” og at ein heller bør leggja til ein ekstra time på skulen. Han reagerer på at han får fritida si øydelagt av å måtte jobba meir etter endt dag.

Svært aktuelt er eit intervju med Wenche Godtskalksdotter Enes som akkurat no gjer ein god figur i ”71 grader nord” og som kallar det ei veldig kjekk oppleving. – Men dette er noko ein berre gjer ein gong i livet, legg ho til. Den nye frittfall-livbåten til Umoe Schat-Harding er eit anna aktuelt tema og Rosendal båthamn eit tredje.

Berre ein ting er litt synd: Elevane hadde fortent betre teknisk kvalitet på avisa.

Av Ola Matti Mathisen